

Barndomsminne.

Far hadde gått underoffiserskulen i Kristiansand, men var aldri underoffiser. Han likte ikke militærlivet, sa han, han ville vera fri mann. Han merkte seg elles ut på skulen, serleg i skriftlege arbeid og rekning. Han hadde ei sers klår og ven handskrift heilt til det siste. Han bar og merke av skulen i kroppsøring og gonglag. Endå på sine gamle dagar gjekk han som ein offiser etter vegen. Eg tykte altid han var ein staut og velvaksen kar. Han var frisk og raud i andlete med brunt hår og gråblå augo, hadde barter, men elles glattraka. Han gjekk uvand kledd, til kvardags i svart vadmal, um sumaren i skjorteermar og vest. Men når han skulde burt, hadde han gjerne ein dress av blått kamgarn. Ullsokkar og låge lærsko, til stas snørestøvlar av skinn.

Far hadde vakse upp på ein liten gard, som før hadde vore husmannsplass under Sitje, som bestefaren, Sigurd, hadde ått. Sitje var då ein stor gard med 7-8 husmannsbruk, men Sigurd hadde kausjonert for fleire granar, og då dei ikkje klarte sine forpliktingar, laut Sigurd greie det. Han måtte selja frå garden den eine teigen etter den andre, og tilsist hovubølet. Til sønene sine hadde han att berre eit par plassar, Lauvdal og Li. Soleis kom farfar Tarjei til Lauvdal, der far vaks upp. Tarjei sat smått i det. Han streva og sleit, men det var som ingenting lukkast. Han og kona fekk 7 born, so det skulde noko til av mat og klede, og det vart då berre armoda. Far var den yngste, fødd 1855.

Det heiter at far dreiv med fuglefangst og tente nokre skjelin-
gar, so han såg seg råd med å ta til Kristiansand på underoffiserskulen. Då han kom heimat, prøvde han noko tå kvart. Soleis pakta han garden Vetting ei tid. Eg hugsar han fortalte han var åleine med å slå med ljå og bere høyet inn på ryggen, 90 skippund vollhøy, sa han. No var det han gifte seg omlag 25 år gammal med mor, Ingeborg Rinden, som var 10 år eldre. So bygde han seg eit hus i Folkestad-byen, ein liten huskrull ved Øysko-
gen nær Moland kyrkje. Her dreiv han som tømmermann og snikkar og var med og bygde fleire hus, for han var flink og hendig og kunde gjera mest kva det var.

Her var mange ungar, som eg og syster mi, Marie, var saman med. Me var ute og leikte heile dagane, trur eg. Me heldt mykje til burtved den xvesle Sitjeelva og laga dammar og såg på småfisken i hølane. Me prøvde å fiske au, men om me fekk noko, kan eg ikkje hugse. Eg hadde ein god ven i syskenbarnet mitt, Tarjei Lauvdal, som budde på Lauvdal, som låg høgt uppi lidi ovafor bygdi. Det var so gildt å kome der upp, der var so vent utsyn over bygdi og fjorden. Førsvatn var so stort og fjelli bakan-
for so myrke og høge, totte eg. I elva her var det større og djupare hø-
lar og meir fisk å sjå enn nede på flata ved Folkestad. Tarjei var eit
par år eldre og hadde meir greide på fisking, so han vart fyste læremei-
meisteren min i dette, som hev vore den kjæraste hobbyen min gjenom

alle år. Eg hugsar enno kor stolt eg var, då eg fekk den fyste ørvesle fisken.

Ein sundag fekk me vere med farane våre upp på heia til ei tjønn å fiske. Eg kunde vel ikkje vere meir enn 3-5 år. Eg vart so trøytt upp dei lange bakkane at far laut bere meg på ryggen den siste stubben. Men då eg fekk sjå vatne, sprang eg burttil, all trøyttleik var gløymt. So skar farane våre fiskestenger åt oss alle fire, sette på snøre og markkrok, slengde ut og feste stengene i myrkanten, og so sette me oss i bakken og venta påbett. Det var ikkje lenge før ein topp bøygde seg, snøret drog ut, det rykkte alt i eitt. Å du, kor spanande det var, endå det var ikkje i mitt, men i fars snøre det rykkte. Far slengde upp ein fiske stor som ei sild, men for meg var det ein veldig rugg. Men sjå der rykkte det i stongi til Tarjei, og jamen slengde han au ein like stor fisk på land. So var det stilt ei stund, men so rykkte det i snøret til Tarjei att, og jamen drog han upp endå ein fisk. Om ei stund hadde dei andre fått fleire fiskar, men eg ingen. Det var so harmeleg at gråten tok meg. Men no fekk eg låne fiskeplassen til far, og då endeleg vart det bett. Eg datt so lang eg var då eg skulde dra upp, men stongi heldt eg fast, kom meg på beina og fekk dradd fisken upp. Han sprella fält, eg torde ikkje ta han, ikkje før han låg still og bare lea i munnen. Då tok eg ein lurk og deiste til han, og då var han ferdig.

Sia var me gutane burt i elva og fiska, men her var det bare små-pinnar å få. Me vilde so gjerne på heitil den gilde fisketjønni, men me fekk ikkje lov, me var for små, og fedrane våre hadde ikkje stunder å fylgle. So fekk me nøye oss med småfisken i elva tils vidare.

Det var fleire som vilde ha seg hus ved Folkestad, og far hadde det travelt med tørring og snikring. Maskinhøvling var ikkje kome i bruk her endå, so alle sagbord til golv og vegger laut handhøvlast. Eg hugsar far og ein annan kar stod og drog i kvar sin ende av ein stor høvel, og lange fliskrullar bendla seg unda. Flisa bar dei burt i ein veldig flishaug, og der hadde me ungane mykje moro med å grave oss ned og kaste flis på kvarandre. Men so hende eit stort mirakel. Einkvan hadde fått tak i fyrstikk. Me laga små flishugar og tend på. Det vart mange fine bål. Men so visste me aldri av før det fata i den veldige flishaugen, og logane slo til værs høgre og høgre. Me ungane vart livende redde og flaug. Eg og eit par andre fekk gløymt oss i ein låve, og derifrå kunde me sjå korleis logane no sto himmelhøgt. Men no kom det mange folk springande med byttur og spenn, som dei hadde fyllt med vatn frå elva og pøste på varmen, men det var som det ikkje hjelpte det grand. Men so vart det so mykje svart røyk, at me kunde ikkje sjå stort anna, bare ei og onnor eldtunge som flara upp mot himmelen og slokna. Men til sist fekk dei endeleg bukt med elden. Hadde det vore vind, hadde me svidd av heile byen, sa dei vaksne. For meg var det som eg hadde sett verdi i brann. Um me fekk hjuling minnest

eg ikkje, men at varmen kan vere fárleg, det fekk me lære.

Far sette opp stampe i Sitjeåa og stampa vadmål for folk. Eg var ofte inne i stampa, for der var mykje rart å sjå. Fyst dat store vass-hjulet som sa plask-plask med det gjekk rundt. So var det 4 stokkar som var firkanta og stod upp og ned med endene nede i ein stor nu. Dei gjekk upp og ned-opp og ned og stampa i kvitt vadmål som låg i vatn i nuen. Surp-surp, sa det. Og so var det ein bom som far veivde dei lange kvite vevane på. Eller han hengde dei til turk på lange stenger utmed fossen. Her var det og ein dam, der eg såg småfisken leikte.

Far selde stampa til brorsonen sin, Tarjei Li, og no flutte me til ein plass 5 km. lenger nord i dalen. Her sto berre ei stoge på ein liten flekk med dyrka jord. Elles var det myrar. Desse tok far til å dyrke upp. Eg trur han var den fyste som dyrka myr i bygdi. Myri synter seg å vera god, der vaks mykje og godt høy. Han stelte med stovaso me fekk eit par rom og kjøkken. Han bygde ny låve med fjøs, og me fekk oss eit par kyr. Far vart no ogso heradskasserar og tente med dette nokre kronur ved sida av jordbrukskua.

Eg hugsar me hadde so fine kyr. Ei fekk endå 1 pr. på dyrsjået, men om hausten kom det ein fehandlar og vilde endeleg få kaupa den fine premiekua. Til sist baud han 100 kr. for ho. Det var ein uhøyrd pris den tida, og far som sårt trong pengane, let ho gå. Men både eg og mor gret sårt, då handlaren for med kua.

Heimen vår hadde ikkje noko namn enno, men so kom klokkaren ein dag saman med eit par andre karar, det skulde vist vera skyldsetting. Klokkaren tykte Moheim var eit fint og høveleg namn, for ein såg bare flate furemoar både utetter og nordover, og so vart det heitande Moheim.

Her vart me buande ~~xx~~ 5-6 år til eg var 11 år gammal. Her var det ingen smågutar å leike med, berre systrane mine og ei små jente, som heitte Marie. Ho var dotter til farsyster, som var gift med Tori Modøl. Dei budde på ein liten gard som heitte Hegland og låg uppi lidi straks ovafor Moheim. Marie var einaste barnet på Hegland, og difor var ho saman med oss frå Moheim støtt. Tante Gro var so snill. Me fekk kome dit når me vilde og fekk då gjerne ein matbit eller godter, eller sôte kirsebær eller eit eple. Ho hadde berre eit epletre og eit kirsebærtræ, men eg trur me fekk mest alt som vaks på dei.

Tori tykte me såg so gammal ut, og det var han vist og. Han stilla for seg sjøl, drog heim ved på ein kjelke og pusla i skålen om vinteren. Um sumaren slo han høy med stuttorven, um hausten sto han på låven og tresk-korn med slile. Somtid når han var i godlag, fortalte han frå si ungdomstid, soleis om gamle Heglands kyrkje, som hadde vore ei lovekyrkje, sa han. Dit kom sjuke og vanføre og bad om å verte friske, og mange vart det og, sa Tori. Han hadde sjøl sett ei heil mengd med krykkjur etter sjuklinger,

som var blitt friske. Tett ved kyrkja var ein rund haug, det skulde vera ein gravhaug. Kring den dansa dansa dei sjuke, og sida gjekk dei ned til elva og lauga seg i ein høl, men dette var so lenge sida at Tori berre hadde høyrt om det. Men på garden Brokke, trast ovafor, fanst ennå altartavla og noko av prekestolen frå kyrkja, sa han. Det er no omkr. 50 år sida kyrkja vart nedriven, men i den kyrkja er eg både døypt og konfirmert, sa han. Denne kyrkja visste me godt kor hadde stått. Kyrkjegarden, ein låg steingard, sto her ennå. Han låg berre eit lite stykke nord for Moheim, tett ved vegen. Innafor sto ennå muren etter kyrkja, og der var tuvor etter gravene med ein og annan merkepel. Tori visste navn på mange som var gravlagde her.

På denne kyrkjegarden leika me ungane ofte, men aldri um kveldane, då var me redde dauingane kunde kome og ta oss. Tori fortalte om nokre gjentur som var gått dit jonsokkvelden. Dei hadde sett kyrkja upplyst, og di daude samla seg til messe. Ei av jentune hadde kjent att bestemor si, ho kom mot dei og sa dei laut skunde seg burt, elles kunde dei bli drepne. Om dagen skulde her ikkje vere fárlegt, men me var litt halvredde likevel, men di meir spanande var det å vere det, det var ikkje godt vite kva som kunde hende.

Eg hadde fått meg kniv og var flink til å spikke. Det gildaste var å lage kyrkjur av treknuppar. Eg laga dei med høge tårn og mange glas, som eg måla på med svart, elles var kyrkja kvitmåla med raudt tak. Me tok dei med til kyrkjegarden og stelte dei upp der, og so heldt me messe. Eg var prest og preika so det sto etter, og so song me, men det var verre for me kunde inga salmevers, berre ei og onnor strofe. Å halde brurevigsle let seg ikkje gjere, for eg var einaste kar, og eg var presten som kunde vigje. Men eg gifte meg sjøl nokre gonger med Marie Hegland, og ungar fekk me au, det var dokkene. Og då eg var prest, kunde eg døype dei og gje dei navn. Me visste korleis det skulde gjerast, for me hadde vore i kyrkja ut i bygdi eit par gonger.

Men det gildaste for meg var likevel å fiske i elva. Far laut fylgje meg dei fyste turane, men um eit par år var eg so stor eg kunde gå åleisa far. Elva her var nokso stor og med større fisk. Eg kom att med eit heilt knippe med fisk sumtid, og dei kom vel med i gryta. Om haustane plukke me tytebær, som det ofte var mykje av burtetter moane. Mor la bæri i ein butt med vatn, og slik heldt dei seg utan sukker utover vinteren. Me ungane tykte bæri var følante gode for me var kje vande med anna. Å sylte bær med sukker var lite bruktenno, og so var sukker dyrt, me hadde kje råd til slikt. Sukkertøy vanka det ikkje mykje av hjå oss. Det einaste godter me fekk var kvae. Mor lærde oss å finne gode kvaetuppar på granta. Dei kunde me tygge på i timevis og var visst gode for tennene. Me visste mest ikkje av tannverk.

Eg lærer lesa og kjem på skulen.

Ein dag hende noko merkeleg. Far kom att frå handlaren ein dag, og då hadde han med ei lita fin bok som han kalte A,B,C. Bak i boki sto ein stram hana og gol. No skulde eg lære lesa, og når eg hadde lesi boka til endes, ville eg høyre hanen gol, sa far. Det var mest mor som laut lære meg. Fyst var det bokstavane, so var det å stava. K siger k, a siger a, tsiger t. Det blir katt. Det var vrangt å forstå. Mor streva med stort tolmod. Far prøvde også, men han vart fort leid det og meinte på eg var ein tosk. Korleis det gjekk til veit eg ikkje, men einå dag kunde eg verkeleg lesa. Det var som eit under, for no vart boki full av ord som hadde ei mening, ja vart til morosame sogor. Det tok då ikkje lang tid å lese boki ut. No skulde eg høyre hanen gol, men det vart ikkje noko av, og det hadde eg i grunnen ikkje venta heller. Men eg var ikkje vonbroten, eg tykte eg hadde fått att for strevet. Eg kunde lesa slik som far og mor og alle vaksne. Og ein dag fekk eg noko som var like merkelegt som ABC boki. Det var ei tavle med griffel. Sjå her, sa far. Og so for griffelen burtover tavla, og forsyne meg sto der ikkje ein mann med augo og nase og alt ihop. Og under skreiv griffelen Tarjei. Då laut eg læ høgt, so rar var eg då ikkje. So fekk eg griffelen og skulde lage mann, eg au, men den vart endå rarare. Kven er dette, spurde far. Det er du, sa eg. Men då laut han læ, han og. Men det varde kje lenge før eg kunde skrive både tall og bokstavar og tegne menner og kjerringer og jenter medskjørt og lange fletter. Og sida vart det hus og tre og mangt anna.

Og so kom dagen då eg vart send i veg åt skulen i lag med Marie Hegland. Det var lang veg, omlag 3 km. men det kom me ikkje i hug. Der var mange gutar og jenter, som eg aldri hadde sett før, store og små. Det eg minnest best var at eg alt fyste dagen kveldde eit blekhus, so blekket rann ut over skriveboka til guten ved sida av meg og ned på golvet. Guten skreik opp, og alle reiste seg og stirde. Eg tykte læraren vart so raud i andletet, han kom springande med ein klut og turka upp. Men merkeleg nok sa han ingen ting, han såg vel kor redd eg vart, men mange lo åt meg, og det tykte eg var følande leit.

So hende det kje meir på lenge. Men so ein dag rauk eg i slagsmål med ein jammaldring. Det bar til i matkvila inne i skulestova. Me drog kvarandre i luggen, slo og gav vondord. Der sansa me ingen ting før læraren kom og tok oss i trøyekragen, leidde oss til døra og kasta oss ut. Du, so skamfulle me vart! Eg hugsar og at dei store gutane var slemme med oss mindre somtid. Ein gong fekk eg ein stein i hovudet, so eg trilla rundt og låg sanselaus ei stund. Læraren sto og såg på, og alle visste kven som kasta. Fyst sto dei der alle som nåmne og var redde, men då eg retta meg upp og dei såg at det ikkje var so ålvorleg, då flirde dei, og eg totte læraren flirde og. Då var det som eg fekk imot dei alle i hop.

Læraren tok seg lite av oss som var små, ja, brydde seg lite um skulearbeidet i det heile. I skrivetimen sat han og skreiv brev eller las i ei bok. Eg trur aldri han høyrde meg i leksene. Hadde eg ikkje lært noko før eg kom på skulen, hadde eg nok hatt lite nytte av skulegonga. Men ein einaste gong roste han skrifti mi, hugsar eg. Han tok skriveboki mi og synte fram for dei andre. Då var eg ikkje lite stolt og totte eg kunde tilgje han mykje. I rekning veit eg det var far som lærde meg. På skulen sat eg då med ei reknebok og rekna og skreiv for meg sjøl det beste eg kunde. Men somtid gløymde både eg og sidekameraten oss burt og la i veg med å teikne på tavla morosame bilæte, som me synte kvarandre, då hadde me det gildt.

Det hende læraren kom heim til oss for å hente løna si, for far som sakt heradskasserar. Far tykte eg var flink til å teikne og synte fram eit hus eg hadde teikna. Læraren såg på det, men gat ikkje stort. Eg såg far vart skuffa, endå han sa ikkje noko.

Far var glad i å lesa, men av bøker var det lite heime hjå oss. Det var bibel og postil og salmebok og nokre få andre. Det var helst avisar han las, "Varden", blad for Telemark og Skien. Men det hende og han lånte bøker i folkeboksamlinga. Ein dag kom han att med eit par bøker åt meg. Det var eventyr av Asbjørnsen og Moe og "I brønden og tjernet" av Moe. Og no var der ein gut som las og drøymde og las. At det kunde vere so mykje rart til! Der var kongar og prinsar og slott bakanfor sol og måne. Der var Askeladden som vann prisessa og halve riket. Han var fatig og fillutt, men snil og godhjarta, og difor vann han fram. Og so Grimsborken då, han somsprang uppetter håle glasberget, å du for ein hest! Eg veit ikkje kva som var gildast, eventyra eller soga um Lillebeate og Storebeate og Viggo viking. Eg las og gløymde alt i kring meg. Mor ropte at no laut eg hogge eller bera ved. Ja då, ja då, sa eg, men det vart ikkje, eg laut lesa eventyret til ende.

Dette vart eit storhende i livet mitt. Frå no fekk eg den store trøngen til bøker, som eg altid sida hev hatt. Snart gjekk eg sjøl til prestegarden, der boksamlinga var, og lånte bøker. Presten var so snill og fann dei gildaste barnebøker som Robinson og Iwanhoe og indianerbøker og andre. Han roste meg og tykte eg var ein svær lesehest, eg lånte fleire bøker enn nokon smågut i bygdi, sa han og lo.

Seinare fekk me ei lita boksamling på skulen, og den vart mykje nytta. Serleg var "Den siste Mohikaner" og andre indianerbøker gjeve. Me leika no indianarar på skulen, fekk oss lange bogar med piler og flaug rundt i furemoane rundt skulehuset. Me delte oss i two flokkar med kvar sin hovding og det sto store slag. Det var eit under, at det ikkje hende nokon ulykke, for pilene suste rundt om oss. Men so ein dag møtte ein gut på skulen med børse. Det var ein stbbursnykel med lagt hol i enden. Der hadde han filt eit fenghol. Han ladde med krutt og tente med ei fyrstikk. Bom, sa det, so me hoppa. Snart hadde også andre med slike kanoner, og det small skot både her og

der. Men so fekk foreldri vite det. Dei melde frå til skuletilsynet. Dei møtte fram på skulen, og so laut me levere frå oss alle våpen. Men so fann me på å laga krutkjeringsar istaden. Me elte krut i vatn til ein deig og tende på. Det frasa og gneista so eldspruten sto. Men no var læraren skremd. Då han såg kva me for med, sette han strengt forbod mot slikt, ~~påxskulemy~~ og dermed vart det slutt på skulen, men eg fann på råd likevel.

Far hadde liggande ein pose med minekrut vel gjøymt på loftet, men ikkje vel nok for meg. Her kunde eg bare forsyne meg. Eg hadde krut på eit medisiglas og stappa i lomma. Saman med småjentene heime laga eg krutkjeringsar og brende av. Dei frasa nok, men det var for lite smell. Enn om eg fekk krutkjeringsa ned i glaset, tenkte eg. Eg la ho på ein kjøpp og prøvde få ho ned, men det varde lenge før det lukkast. Jentene sto i spaning langt unda. Dei åtvvara meg og sa det var farleg, men no skulde eg syne eg var ikkje redd. So, der gjekk den frasande kjeringsa ned i glaset. Pang.! Meir veit eg ikkje av, alt vart myrkt. Jentene flaug vitskremde heim og sa eg hadde skote meg ihel. Då mor kom fram, sat eg og plukka glasbitar or andlete. Ho fekk meg i seng, og so kom doktaren og plukka ut resten, smurde over med salve, og snart var eg god att. Det var bare det at maska var so ~~framand~~ med alle dei svarte og brune arr, just som ein mohikanar, sa jentene. Det var eit Guds under eg ikkje vart blind, meinte mor.

Sida såg det ut som eg vilde ta livet av meg med øks og kniv. Enno kan eg sjå arr etter knivskurdar i hendene og øksehogg i legg og fot, men ein lærer aldri utan det kostar noko, veit du.

Fleire barneminne frå Moheim.

Foreldri mine og likeso tante Gro og Tori på Hegland var svert glade i dyr. Kyrne vart stelt som dei skulde vere bonni deires. Soleis lærde me ungane au å elske alle dyr. Eg veit aldri av at eg kasta stein på småfuglar eller var etter reiri deires. Det verste eg såg var når folk var harde med hestane sine, og det fekk eg sjå fleire gonger. Etter vegen forbi Moheim for det ofte køyrande, soleis dei som køyrde varor frå Bandaksli til kremaren uti bygdi. Det var lang og tung veg, heile 3 mil. Dei hadde betaling etter vekt, so det galdt å ha so stort lass som mogeleg. Hestane sleit og drog det dei orka, og karane sparde ikkje svepa. Det var mest fatigfolk som tok slik køyring for å tene ein skilling. Eg hugsar some gjekk barbeinte etter lasset for å spare på skorne. Men dei fleste trur eg nok var snilde med hestane og stelte vel med dei.

Det såraste minne hev eg etter ei travkøyring eg fekk sjå. Der var det ein med ein fin svart travar. Mannen var full og galen og køyrde rundt og rundt, slo med svipa alt i eitt og dreiv hesten fram i tanande trav, so skumet valt av han. Då han skulde köyre um premien, var hesten so redd og uppskaka at det bar i galopp, og det vart ingen premie. Over dette vart

endå meir argsint og berre piska og slo den stakkars hesten, so han knegde og skrek og skolv som eit ospelauv. Men då kom det eit par karar og tok frå han hesten til han vart edrug. Eg gret, og far tykte og det var følt å sjå, so no tok han meg med heimatt.

Vinterkvellane var ofte lange. I stova, som ogso var kjøkken, heldt me til alle. Der sto ein peis, der xxmor stelte maten. Det gjekk mykje på graut. Til middag var det gjerne litt flesk, kjøt, fisk og poteter med flatbraud. Kakebrød var det lite av. Mor hadde ikkje fått komfyr endå. Men som tid steikte ho brød på takka. Ho laga små brød, som ho dynka med vatn og kleste dei på takka so dei sat fast. So tok far ei tong, som han tok takka med og reiste ho upp i peisen, der det brann ein lystig varme, og soleis vart kakune steikt. Du kan tru dei smakte.

Far sat gjerne med eit eller anna handarbeid om kvellane. Han gjorde soleis sko til oss alle. Det var solide lærsko sauma for hand med bektråd og plugga solar. Men det hende at me ogso fekk skinnsko. Han gjorde ogso tresko åt oss alle, og dei brukte me mest til kvardags. Om somaren når det var fint vær, gjekk me ungane mykje berrføtt, det var det billigste. Me var soleis heimegjorde all igjenom. Men slik var det dei fleste stader. Men eg veit aldri av at eg kjende meg simplare kledd enn dei andre skuleborni, tvert om minnest eg mange som gjekk både bøtte og fillute og leid vondt av det.

Mor sat mykje i vevstolen og vov vadmal og verken til ytterklær og lerret til skjorter og underklær. Vevstolen måtte stå i ei krå i stova. Der sto ogso seng ~~ogxxlukkank~~ som far og mor låg i og slagbenk, der eg og bror min, Jørund, låg i. Og so var der ein sengebenk åt Marie og Gunhild. Gro, den yngste, var so vidt tilkomen og låg hos mor. Det var stas når den store rennebommen vart sett opp midt på golvet og mor rende dei lange vevane. Då laut me få lov til å renne bommen rundt og rundt. Moro var det au å trø rokken og spole garn på papirullar til fine spoler. Men so laut me og hjelpe til med å kårde ull, det var eit slit, som eg helst lurde meg unda. I det heilex trur eg det var mykje arbeid eg lurde meg unda, soleis med å bera vatn og hogge og bera inn ved. Det var mykje gildare å få bruke kniven og hamre og spikre. Eg veit eg dreiv svert med eit hus ute på tunet, det var sett opp av hon og bordstubbar, og so stort at me fekk rom i det fleire av oss. Der leikte jentene med dokkene sine, pynta upp med blomar og bakte kakur av leire.

Mor hadde det travelt støtt. Når ho ikkje sat i veven, spøta ho sokkar og votter, sauma klær til oss alle med handa, for ho hadde aldri symaskin. Kjøpeklær var det lite av, og dei var dyre. Det galdt å spare på alt. Attåt alt det andre hadde mor ogso fjøsstellet fleire gonger om dagen, so eg forstår ikkje korleis ho rakk det alt. Men då Marie og Gunhild vart støpre, fekk ho meir og meir hjelp. Eg minnest vel kor trufaste dei

kunde sitje ved vogga med ein bunding mellom figrane. Når so den vesle skreik, var det å ta ~~hem~~ upp og gå rundt med henne og synge byssam lul-lam. Men ofte laut den vesle burt til mor og få pisil, eg trur mor hadde mjølk til oss alle.

Ved sida av stoga var det eit kammers, som ikkje var innreidd, men ein vakker dag tok far til å hvile tømmerveggen glatt. Det var eit seigt arbeid, som tok fleire dagar. Sida foga han veggefari med noko slag lei-re eller kva det var. Til slutt vart det måla ljost raudt. Golvet malt med gul oker og taket kvitt. Då vart det følende fint totte me. So snikra far nokre fine bjørkestolar og ein sofabenk og bord, og då vart det rei-ne storstuga. Her hadde mor ei fin rosemåla kiste, som ho hadde fått hei-mafrå, då ho gifte seg. Der gjøymde ho kyrkjekleda sine, og dei trur eg varde so lenge ho levde. Det var ein stakk av fint blått vadmål og uplutt med rosesaum, ei fin skjorte med knipling, hugutørklæ og sjal. Ho hadde også litt sølvstas bl.a. ei fin slangesye. Her sto også eit rosemåla spann til å ha smørgraut i når ho skulle vitja ei barsølkone. Dette spanne er det no eg som eig. Det hev årstalet 1877, det året ho gifte seg.

Den store tømmerdrifta.

Siste åri me var i Moheim, tok far til å spekulere i skog. Han kjøpte skogen til uthogst på grannegarden Greivstad. Til å køyre tømme-ret frå heia ned til elva leigde han ein setesdøl. Han kom med 2 vaksne søner og 3 hestar, og alle skulle vera på Moheim. Det vart fullt hus både inne og i stallen, som far hadde sett upp. No fekk eg sjå sæbyggjar for fyste gong. Det var store og sterke karar kledd i lange bukser av vad-mål. Dei gjekk heilt upp til akslene og var trekt med skinn over heile baken. På hovue hadde dei ein lang hårpisk, som låg i ring rundt skallen, den kalte dei spir. Det låg gjøymt under den vide hatten, som dei hadde på anten dei var ute eller inne. Karane minte meg um trolli i eventyret, men det synter seg at det var godslege, snille troll, som eg snart vart godvener med. Om kveldane fortalte dei underlege sognor om kjempur som var frikarar i dalen og um hestekampar på skeidvollen. Somtid spela gutane på munnhorpe eller dei song stev. Det let so underleg vedkjømeleg, totte eg. Dei kokte mykje grøt, og so kjøpte dei flesk og steikte panna full. Feittet tok dei med skefier og drakk det. Gutane var so barnslege: Dei kjøpte reine barneleikur, blekklokjur og fingerringar av tinn eller messing med glasperle på. Slikt bar dei på seg eller gjøymde det i små skrin dei hadde kjøpt.

Ein dag fekk eg vere med på tømmerkjøring. Det bar uppetter den bratte lii og sia innetter myrdrag og skogåsar lenger enn langt, totte eg. Det var so stilt i skogen, men ender og gong flaksa det upp storfugl eller

ein rjupeflokk, som skarra i veg og sa: Kom herr-kom herr. På nedveg sat eg på tømmerlasset, og det var moro, når det gjekk i tråv nedover dei slake liene. Men ned brattlia mot elva var eg redd. Endå karane vreista godt under meiane, var det sovidt hestane greidde halde lasset, og det var på nære nippen eg hadde dotti av, men ned kom me.

Det vart stuslegt etter karane, då dei drog heimatt etter gjort arbeid. Men for mor var det nok ei stor lette.

Far hadde kanskje tent nokre pengar på tømmerdrifta, for no vilde han våge meir. Han kasta seg ut i det store eventyret, men det kom han til å angre på all sin dag, og mor fekk ein knekk, som eg trur ho aldri vann heilt over.

Far tok no til å kjøpe skogar til uthogst lengst nord i heiane nord for Kleivgrend og vestover mot Setesdal. Det var gamal urskog, der ingen hadde hogge før. Burtover rantar og haugar sto hundre år gamle furor. Som var daude av alderdom so berre stomnen og nokre nakne kvister sto att. Dess kunde ikkje nyttast, men dei friske gav bra tømmer. I liene sto grana lurvut med vide greiner heilt ned til rota. Slike tre var arbeidsame å kviste, stokken vart stutt med kvistkuler over det heile.

Slike skogar var det far kjøpte. Eigarane selde for lita betaling, for dei hadde skogen inga verd. Difor trudde far han skulde gjere god forretning, men tenkte for lite over kva det vilde koste å få tømret fram.

Fyst skulde det hoggast, so fløybast fram til elvar og vassdrag, so flyttast 12-15 mil til Arendal. Fellesflytting på tømret var det kje før det kom åt bygdi, og dit var det 2-3 mil. Gjenom heiane var det bare ei mindre elv, som gjekk gjennom fleire vatn og tjørnar: Mellom desse var det fleire store fossar og bratte berg.

Far låg no i heiane det meste av året saman med hoggarar og køyrarar både frå Førsdal og Sætesdal. Det var arbeisløyse den tid, serleg om vinteren, so folk var det nok av, og far hjelpte soleis mange til arbeid. Dei heldt til på eit par fjellgardar eller i gamle støylsbuir og leid mykje vondt. Far køyrde stamp eller brød, mjøl, flesk og kaffe og andre varur frå bygdekremaren på vinterføre innover heiane både 2 og 3 mil. Om somaren laut varune kløvjast mykje av vegen.

Det skulde mykje til pengar åt alt dette, og gjelda hos kremaren ~~ukk~~ auka jevnt. Og ein dag kom styraren for handelslaget med ein sakførar til Moheim då mor var åleine med barneflokken kring seg. Eg såg kor mor vart redd og heilt kvit i andlete. Sakføraren tok fram papir og skreiv opp alle eigneluter både inne og ute. Mor laut gje opp alt. Han tala om straffbar handling og var hard og vond. Mor heldt seg for bringa og heldt på dette overende. Men då snøgga dei seg avgarde endeleg. Mor sat att og gret og me med henne. Straffbar handling, straff og fengsel, sveiv det rundt i hovue mitt. Kva tyder dette, våga eg å spørje. Men då hikstegret mor so